



VOLDA  
MASKIN

# Åtferdsreglar for leverandørar

## Innleiing

Volda Maskin jobbar for å sikre gode relasjoner til våre leverandørar og underentreprenørar som kan vere til fordel for begge partar. Ved å ha tydelege retningslinjer, felles verdiar, god kommunikasjon og gjensidig tillit, er dette noko vi kan oppnå saman. Åtferdsreglane for leverandørar angir rammer for kva som er akseptabel forretningsdrift og kva vi forventar av våre leverandørar.

Volda Maskin støttar alle menneskerettar slik dei er beskrive i FNs verdserklæring om menneskerettigheita og i konvensjonane til Den internasjonale arbeiderorganisasjonen (ILO). Disse retningslinjene sett krav til handtering av menneskerettar, arbeidsmetodar, miljø og korruption.

Volda Maskin stiller høge krav til seg sjølv som bedrift og vi stiller dei same krava til våre leverandørar og underentreprenørar.

### Kven gjeld retningslinjene for leverandørar for?

Retningslinjene gjeld for alle bedrifter som levera produkt, arbeidskraft eller tenester til Volda Maskin, blant dei direkte og indirekte leverandørar, tenesteleverandørar, underleverandørar og mellomledd (heretter kalla leverandørar). Volda Maskin ser på det som ei stadfesting at retningslinjene blir følgt når vi mottar ein faktura frå våre leverandørar eller at leverandøren godkjenner våre innkjøpsordrer. Alle våre leverandørar skal sørge for at Volda Maskin sine etiske retningslinjer blir anvendt ei eiga leverandørkjede.

### Arbeidsmiljø og tryggleik

Volda Maskin har ein visjon null ulykker på arbeidsplassen og jobbar kontinuerleg med tiltak som sikrar tryggleik i arbeidskvarden. Vi har fokus på kompetanse- og kunnskapsheving og bygge relasjoner og tillit for å utvikle eit arbeidsmiljø som fremjar helse, tryggleik og trivsel.

For våre leverandørar betyr dette:

- Skal som eit minimum skal følgje gjeldande lover og reglar om arbeidsrett og HMS eller standardar fastsett av anerkjente organ som til dømes ILO.
- Medarbeidarar og andre i leverandørkjeda får naudsynt opplæring og har riktig utstyr for å kunne utføre arbeidet på ein trygg måte.
- Medarbeidarar har rett og er pliktige å stoppe arbeidet dersom tryggleiken ikkje er ivaretatt.

- Aldri ignorere behovet for naudsynt sikkerheitsutstyr eller personleg verneutstyr
- Leverandørar skal kunne dokumentere at myndigheits- og kontraktskrav blir oppfylt.
- Rapportere til Volda Maskin dersom det blir oppdaga utrygge forhold knytta til våre anlegg.

### Menneskerettar

Volda Maskin støttar dei internasjonale konvensjonane vedrørande menneskerettane og ordna arbeidsforhold for alle som arbeidar i vår bedrift og for våre leverandørar. Vi oppmuntrar til mangfold og likestilling.

For våre leverandørar betyr dette:

- Arbeidsforhold, arbeidstid, lønn og godtgjersle skal vere i samsvar med gjeldande lover og aktuelle ILO-konvensjonar.
- Nulltoleranse for barnearbeid. Minstealder for arbeidarar skal ikkje vere mindre enn 15 år og i tråd med nasjonal minstealder ved tilsetting og ILO-konvensjonane.
- Tilsette under 18 år skal ikkje utføre arbeid som kan vere skadeleg for helse, tryggleik eller moral.
- Ingen form for menneskehandel og tvangsarbeid – arbeidstakar skal ikkje måtte leve depositum eller ID-papir for å bli fast tilsett. Tilsette skal fritt kunne avslutte arbeidsforholdet med rimeleg oppseilingstid. Urettmessig tilbakehalding av lønn blir ikkje tolerert.
- Alle skal ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet og -utrykk, seksuell legning, etnisk bakgrunn og religion.
- Bidra til eit arbeidsmiljø der det er nulltoleranse for fiendtleg, valdeleg, truande og trakkasserande åferd.
- Respektere retten tilsette har til å organisere seg og forhandle fram kollektive lover, der lova tillåt dette. Alle dei tilsette skal bli behandla på lik linje, uavhengig om dei er organisert eller ikkje.
- Oppmuntre til openheit i leverandørkjeda og gjere ein innsats for å unngå bruk av råmateriale i produksjon som direkte eller indirekte finansierar grupper som krenka menneskerettar.

## Forretningsmoral

Volda Maskin jobbar for å bygge sterke forretningsmoral som dannar grunnlag for verdiskaping og trygge arbeidsplassar, både for våre eigne tilsette og våre leverandørar.

For våre leverandørar betyr dette:

- Nulltoleranse for diskriminering og trakkassing, mobbing, eller seksuell trakkassing. Alle som søker arbeid skal få lik behandling og like moglegheiter.
- Nulltoleranse for korruption og bestikkningar, drive lovleg verksemad utan kvitvask av pengar og straffbare betalingar.
- Alle rapportar, dokument og fakturaer skal vere fullstendige og nøyaktige, ingenting skal vere falskt eller villeiande på nokon måte.

- Unngå situasjonar der det kan oppstå interessekonflikt i samarbeid med Volda Maskin
- Respektere rettferdig konkurransen
- Ikke dele sensitiv/fortrileg informasjon Volda Maskin til andre.
- Aldri del personsvernsopplysningar med andre enn medarbeidarar som har eit rettmessig behov for opplysningane, det skal vere i samsvar med personvernlovene

## Miljøansvar

Volda Maskin tek grep på fleire områder for å betre våre miljøresultat og samla sett kan utgjere ein forskjell. Vi skal tilfredsstille lov, forskrift og kundekrav på ein slik måte at vi bidreg positivt.

For våre leverandørar betyr dette:

- Verksemada skal bli driven på ein miljømessig ansvarleg måte i samsvar med gjeldande lover for miljø. Ein skal redusere negativ miljøpåverknad i heile leverandørkjeda.
- Verksemada skal oppfylle dei krav som er beskrive i Volda Maskin sitt miljøstyringssystem
- Verksemada skal legge til rete for effektiv utnytting av ressursar og redusere bruk av skadelege stoff med vek på klimaet, energi, material og avfall.
- Ha ei proaktiv haldning til kontinuerleg forbetring av miljøarbeidet, derunder utvikling av produkt og tenester som blir levert.

## Rapportering

Volda Maskin oppmuntrar til forbetring og konstruktiv tilbakemelding. Volda Maskin har rett til å foreta revisjonar av leverandør for å sikre seg at åferdsreglane til Volda Maskin blir følgt og alle gjeldande lover og forskrifter blir følgt.

- Dersom det blir oppdaga brot på Volda Maskin sine åferdsreglar, så kan det rapporterast til [post@voldamaskin.no](mailto:post@voldamaskin.no). Alle som oppdagar brot kan melde i frå.